



Bergen kommune

Postboks 7700

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2462 - 14/15430

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

24.06.2014

Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-----------------|------|------------|
| 033/14 | Levekårsutvalet | PS | 13.05.2014 |
| 061/14 | Formannskapet | PS | 15.05.2014 |
| 049/14 | Kommunestyret | PS | 12.06.2014 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------|------------|
| Terje Sætre | 14/2462 |

Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter

Vedlegg:

Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune held fram administrativt vertskommunesamarbeid i henhold til «Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør § 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunar, om krisesentertilbod i samsvar med lov av 19.juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod», jfr. skriv av 5.mars 2014 frå Bergen kommune.

Levekårsutvalet - 033/14

LE - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 13.05.2014

Lindås kommune held fram administrativt vertskommunesamarbeid i henhold til «Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør § 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunar, om krisesentertilbod i samsvar med lov av 19.juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod», jfr. skriv av 5.mars 2014 frå Bergen kommune.

Formannskapet - 061/14

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Lindås kommune held fram administrativt vertskommunesamarbeid i henhold til «Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør § 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunar, om krisesentertilbod i samsvar med lov av 19.juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod», jfr. skriv av 5.mars 2014 frå Bergen kommune.

Kommunestyret - 049/14

KO - behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Lindås kommune held fram administrativt vertskommunesamarbeid i henhold til «Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør § 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunar, om krisesentertilbod i samsvar med lov av 19.juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod», jfr. skriv av 5.mars 2014 frå Bergen kommune.

Saksopplysningar:

I møte 25.11.2010 slutta kommunestyret seg til kommunesamarbeid om lovfesta krisesentertilbod, med Bergen kommune som vertskommune.

Bergen kommune oversendte 5.mars 2014 bystyrevedtak om ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeidet om krisesentertilbod til behandling i samarbeidskommunane, i samsvar med kommuneloven § 28-1 e.

Vertskommuneavtalen gjeld frå det tidspunkt alle samarbeidskommunane har gjort vedtak i kommunestyret etter kommuneloven §§ 28-1e, jfr. § 28-1b nr. 3. Tilbodet er tilgjengeleg for alle deltakarkommunane frå 1.januar 2014. Det økonomiske oppgjeret gjeld for heile 2014.

Om dei aktuelle paragrafane i kommunelova:

§ 28-1 a: Om vertskommunesamarbeid

§ 28-1 b: Om administrativt vertskommunesamarbeid

§ 28-1 e: Om samarbeidsavtalen

Viser elles til den vedlagte oversending av 5. mars 2014 frå Bergen kommune.

Lov av 19.juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod

Lovens § 2 stiller følgjande krav til krisesentertilbod:

«Kommunen skal sørge for eit krisesentertilbod som skal kunne nyttast av personar som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, og som har behov for rådgjeving eller eit trygt og mellombels butilbod.

Tilbodet skal gi brukarane støtte, rettleiing, hjelp til å ta kontakt med andre delar av tenesteapparatet og skal omfatte:

a eit krisesenter eller eit tilsvarande gratis, heilårs, heildøgns, trygt og mellombels butilbod

b eit gratis dagtilbod

c eit heilårs og heildøgns tilbod der personar nemnde i første ledd kan få råd og rettleiing per telefon

d oppfølging i reetableringsfasen, jf. § 4.

Enkeltpersonar kan vende seg direkte til krisesentertilbodet som nemnt i andre ledd, utan tilvising eller timeavtale.

Kommunen skal sørge for god kvalitet på tilbodet, mellom anna ved at dei tilsette har kompetanse til å ta vare på dei særskilte behova til brukarane.

Butilbodet til kvinner og butilbodet til menn skal vere fysisk skilde.

Departementet kan gi forskrift om krav til kompetanse hos dei tilsette og krav til fysisk sikring av lokale».

Tilbodet som Bergen kommune har tilfredsstillar dei krav denne lova legg til grunn.

Økonomiske konsekvensar

Lindås kommune har i år 2013 betalt kr. 519.648 for deltaking i kommunesamarbeidet om krisesenter. Bergen kommune har i skrivande stund ikkje berekna betaling for deltakarkommunane i 2014. Deltakarkommunane sin andel av utgiftene skal tilsvare den respektive kommunes del av summen av rammetilskott for desse kommunane.

Pris- og lønnsvekst for 2014 vil kome i tillegg.

Vurdering

Bergens kommune sitt krisesentertilbod innfrir dei krav lova legg til grunn.

Rådmannen rår til at kommunen sluttar seg til den nye samarbeidsavtalen.